



Kartverket

FUSA KOMMUNE
Postboks 24

5649 EIKELANDSOSEN
Norge

Dykkar ref.:	Vår ref.	Dato:
	Sak/dok.: 06/02893-38	18.02.2019
	Ark.: 326.12	

Oppstart av namnesak 2019/42 – Sætråsen/Sæteråsen/Setråsen i Fusa kommune

Fylkesmannen i Hordaland har planlagt eit nytt naturreservat i Fusa, som han føreslår å gje namnet *Sæteråsen naturreservat*. Stadnamntenesta i Språkrådet skriv i si tilråding om skrivemåten av reservatnamnet at det bør reisast namnesak for namnet *Sætråsen* dersom ein vil nyta dette som namn på reservatet, men dei føreslår å bruka *Revurefjellet* i staden som namn, jf. brev datert 28.01.2019. Dei meiner i utgangspunktet at alle namn i Hordaland med namnelekken *seter/sæter* bør få ein skrivemåte med e, og at det aktuelle namnet ev. bør skrivast *Setråsen*.

Kartverket reiser hermed namnesak for *Sætråsen* etter Stadnamntenesta si tilråding, og tek øg med i saka andre namn med skrivemåten *sæter/sætr-* i Fusa kommune. Me nyttar samstundes høvet til å ta med nokre andre namn i saka. Saka vert reist for å få avklart rett skrivemåte for offentleg bruk.

Kartverket sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 6 i lov om stadnamn.

Saka gjeld følgjande namn:

- *Sætråsen / Sæteråsen / Setråsen* (ås)
- *Seteråsen / Sæteråsen / Setråsen* (ås)
- *Sætra / Setret* (seter/støl)
- *Sætraelva* (bekk)
- *Sætraleitet* (bakke)
- *Sætratjønna* (tjern)
- *Sætratjørna / Rødsætratjørna* (tjern)
- *Gjønsætermarka* (skog) – gjeld berre namneleddet -sæter-/ -setra-/ -setre-
- *Nybben* (haug)
- *Eikeskorena / Eikeskorene* (li)
- *Nordeikeskorena / Nordeikeskorene* (li)

For fleire opplysningar om namna, sjå innsynsløysinga vår for SSR: <http://norgeskart.no/ssr/>.

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av nedervde gards- og bruksnamn, seternamn og naturnamn. Før det vert gjort vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigrarar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjoner har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknyting til.

■ www.kartverket.no

Normeringsprinsipp og saksgang

Etter § 4 i lov om stadnamn er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen og fylgje gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. I utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten i primærfunksjonen vil normalt vera rettleiande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 andre ledd. Kommunen må difor setja ev. pågåande saker som gjeld adressenamn og adressetilleggsnamn der dei same namna inngår, på vent til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamna. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjera vedtak.

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. ved notis i lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å innhenta og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Stadnamntenesta i Språkrådet, Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Stadnamntenesta vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå dei får dette brevet.

Venleg helsing

Linn Winnæss-Karlsen
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi Språkrådet
 FYLKESMANNEN I HORDALAND